

Sogndal
kommune



Barnehagetilbudet i Sogndal

Kommunale barnehagar og private barnehagar med kommunalt opptak

2012/2013



INNHALD

1. ALLMENNE OPPLYSNINGAR

PLASSTILBOD
SOMMAROPNING
OPPTAK OG REGLAR

FRISTAR
FORELDREBETALING OG SATSAR

2. VEDTEKTER

3. INFORMASJON OM KVAR EINSKILD BARNEHAGE

NOTSETE BARNEHAGE
YLVISÅKER BARNEHAGE
FURULI BARNEHAGE
KYRKJEBAKKEN BARNEHAGE
KJØRNES BARNEHAGE
FJÆRLAND BARNEHAGE
RONES BARNEHAGE
STEDJE BARNEHAGE
SOGNDAL STUDENTBARNEHAGE
KJØRNES BARNEHAGE (UTEAVDELING)

1. ALLMENNE OPPLYSNINGAR

Sogndal kommune eig og driv 6 kommunale barnehagar. I tillegg har kommunen samarbeid med 3 private barnehagar. Ein av dei private barnehagane er Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane (SISOF) sin studentbarnehage i Sogndal sentrum. Denne barnehagen har eige opptak, eigne opptaksreglar og eige søknadsskjema. Dei andre private barnehagane er med i samordna opptak i kommunen og har felles søknadsskjema.

PLASSTILBOD:

Det vert lyst ut følgjande plasstilbod:
60%, 80% og 100% plass.

Tilbodet om dagar må tilpassast drifta og gruppesamansetjinga i kvar einskild barnehage. Dei som søker redusert plass, kan ikkje alltid rekna med å få innfridd ynsket sitt om barnehagedagar.

Tal timar i høve plasstorleik er likt for alle barnehagane:

100% plass: 5 dagar/45 timar per veke
80% plass: 4 dagar/36 timar per veke
60% plass: 3 dagar/27 timar per veke

SOMMAROPNING/FERIEPLAN

Sogndal kommune gjev eit barnehagetilbod heile året, men i den perioden om sommaren med få born i barnehagen, vert det berre gjeve tilbod i ein eller nokre barnehagar og med ei drift som er tilpassa dei økonomiske rammene som er til rådvelde. Foreldra vil få informasjon om sommaropplegget våren 2011.

Borna skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse vekene skal vere samanhengande og vera avtala på førehand

Barnehagen skal innan 16. april 2012 ha skriftleg melding om hovudferieplanen til borna.

OPPTAK OG OPPTAKSREGLAR

Desse kan søkja barnehageplass:

1. Alle som bur i Sogndal kommune kan søkja om barnehageplass.
2. Dersom barnehagen har ledige plassar, kan desse nyttast av søkjarar utanfor kommunen.

Det er samordna opptak for dei kommunale og dei private barnehagane med unntak av Sogndal studentbarnehage. Dersom det er ledige plassar i studentbarnehagen, kan kommunen òg gje tilbod om plass i studentbarnehagen.

Barnet må ha fylt eitt år innan utgangen av august for å vera med i hovudopptaket.

FRISTAR

1. Søknad om endring av opphaldstid 13.02.2012
2. Søknad om overføring til annan barnehage 13.02.2012
3. Hovudopptak søknadsfrist 01.03.2012

Søknad om endring av opphaldstid eller overføring til annan barnehage skal gjerast på eige skjema som de får i barnehagen. Utfylt skjema skal leverast attende i barnehagen. For dei barna som har plass, skal det ikkje sendast ny søknad. For desse barna gjeld vanleg oppseiingstid i samsvar med vedtektene.

For nye søkjarar skal det nyttast eige skjema for søknad om plass, søknad om barnehageplass. Det må fyllast ut eit skjema for kvart barn.

Vi ynskjer at søknaden vert sendt på elektronisk søknadsskjema som du finn på kommunen si nettside www.sogndal.kommune.no.

Det er også mogeleg å nytta skjema i papirformat og då skal søknaden sendast til Sogndal kommune, postboks 153, 6851 Sogndal eller leverast i tenestetorget.

Søknadsskjema i papirformat kan du få ved å venda deg til tenestetorget i Sogndal kommune, helsestasjonen eller barnehagane.

Søknadsfrist 01.03.2012

FORELDREBETALING

- Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret.
- Foreldrebetalinga er månadleg og vert fordelt i 11 like terminar. I hausthalvåret betaler ein 4,5 terminar og i vårhalvåret 6,5 terminar. Foreldrebetalinga vert regulert til næraste 15. kvar månad.
- Det vert gjeve søskenmoderasjon etter følgjande fordeling:
Barn 1: Full pris
Barn 2: 30% moderasjon
Barn 3 eller fleire: 50% moderasjon

BETALINGSSATSAR FRÅ 01.01.2012:

		<i>Matpengar</i>
<i>Heilplass</i>	2.330	295
<i>4-dagar</i>	2.170	260
<i>3-dagar</i>	1.705	195

2. VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I SOGNDAL KOMMUNE

Godkjent i Sogndal kommune 27.01.2011. Sak 3/11

Dei private barnehagane kan ha eigne vedtekter innanfor dei rammer som Lov om barnehagar gjev rom for.

§ 1. Eigartilhøve

Sogndal kommune eig og driv 6 kommunale barnehagar; Furuli barnehage, Kjørnes barnehage, Kyrkjebakken barnehage, Notsete barnehage, Ylvisåker barnehage og Fjærland barnehage. Desse vedtektene gjeld for dei kommunale barnehagane. Dei private barnehagane kan ha eigne vedtekter innanfor dei rammer som Lov om barnehagar gjev rom for.

§ 2. Lovverk m.m.

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar og gjeldande føresegner og retningslinjer fastsette av Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage. Barnehagane skal også arbeida i samsvar med Rammeplan for barnehagar.

§ 3. Føremål

”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få oppleve skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og ta på alvor barndommen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og samarbeidsutval. Det skal vera felles samarbeidsutval for barnehagen og skulen i Fjærland krins og felles samarbeidsutval for barnehagen og skulen Norane krins.

§ 5. Opningstid

Eit barnehageår vert rekna frå 15. august det eine året til 14. august året etter.

Alle barnehagane skal ha ei dagleg opningstid på 9 timar, men start- og slutt-tidspunkt på dagen kan variera frå barnehage til barnehage. Barnehagane er stengde laurdagar, søndagar og på helge- og høgtidsdagar. Barnehagane held også stengt julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane klokka 12.00. I løpet av barnehageåret er barnehagane i tillegg stengde i 5 kurs- og planleggingsdagar for personalet.

§ 6. Plasstilbod

Barnehagane gjev følgjande plasstilbod:
60%, 80% og 100% plass.

Tilbodet om dagar må tilpassast drifta og gruppesamansetjinga i kvar einskild barnehage. Dei som søker redusert plass, kan ikkje alltid rekna å få innfridd ynsket sitt om barnehagedagar.

Tal timar i høve plasstorleik er likt for alle barnehagane:

100 % plass:	5 dagar / 45 timar per veke
80 % plass:	4 dagar / 36 timar per veke
60 % plass:	3 dagar / 27 timar per veke

§ 7. Ferie

Borna skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse vekene skal vere samanhengande. Hovudferien til barnet skal vera avtala på førehand.

Sogndal kommune gjev eit barnehagetilbod heile året, men i den perioden om sommaren med få born i barnehagen, vert det berre gjeve tilbod i ein eller nokre barnehagar og med ei drift som er tilpassa dei økonomiske rammene som er til rådvelde.

§ 8. Teieplikt

Alle tilsette og vikarar har skrive under fråsegn om teieplikt.

§ 9. Helseopplysningar

Nødvendig informasjon som barnehagen kan ha behov for å kjenna til, kan skrivast på skjemaet "*Til foreldre/føresette*" som vert utdelt ved oppstart i barnehagen.

§ 10. Arealnormer

Netto leike- og opphaldsareal er 4.0 m² per barn over 3 år og 6.0 m² per barn under 3 år.

§ 11. Internkontroll

Barnehagane har internkontrollsystem i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem.

§ 12. Opptak og opptakskrins

Det er eit samordna hovudopptak om våren for dei kommunale og dei private barnehagane med unntak av Sogndal studentbarnehagen har som eige opptak jf driftsavtale og § 12 i barnehagelova.

Eit barn må ha fylt eit år innan utgangen av august for å vera med i hovudopptaket det året. Foreldre som bur i Sogndal kommune kan søkja om barnehageplass til barnet sitt, og heile kommunen vert rekna som ein opptakskrins. Dersom barnehagane har ledige plassar, kan desse nyttast av søkjarar utanfor kommunen. Tilbodet må vere avklart med bustadkommunen.

Rådmannen tildeler dei kommunale plassane og dei private plassane som vert tildelt i samordna opptak. Rådmannen tildeler plassar etter tilråding frå ei administrativ opptaksnemnd. Opptaksnemnda er sett saman av tenesteleiar for barnehagar og alle barnehagestyrarane. Rådmannen kan gje nærmare retningslinjer for opptaksnemnda sitt arbeid og samansetjing.

Opptak til kvar barnehage vert til vanleg gjort utifrå prioriteringar på søknadsskjema, men etter pedagogisk heilskapsvurdering eller andre grunnar er det høve til å fråvika prioriteringa. Ved opptaket skal det leggjast vekt på å sikra god og kostnadseffektiv drift av barnehagane i kommunen.

§ 13. Prioriteringskodar ved hovudopptaket:

1. Barn med nedsett funksjonsevne eller med vedtak etter lov om barnevernstenester
2. Barn i ein vanskeleg livssituasjon
3. Barn som har trong for språkleg og kulturell integrering og der begge foreldra er tospråklege/framandspråklege
4. Barn som har plass i barnehage og som ynskjer endra opphaldstid eller å byta barnehage
5. Sysken har førerrett til plass i same barnehage dersom syskena går i barnehagen samstundes og har fylt eit år innan utgangen av august
6. Resten av borna vert prioriterte etter alder.

Ved søknad om opptak etter opptaksreglane pkt.1, 2 eller 3 skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som t.d. helsestasjon, sosialkontor, barnevern eller pedagogisk psykologisk tenestekontor. Av dokumentasjonen må det gå klart fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass framfor andre born.

Opptak etter punkt 1, 2 eller 3 gjev barnet førerrett ved opptak, men ikkje rett til barnehageplass eller rett til plass i ein bestemt barnehage.

Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, vert sett på venteliste. Dersom det vert ledige barnehageplassar seinare, vert ventelista lagt til grunn for plasstildelinga. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen for hovudopptak, vert sett på ventelista. Det er opptakskriteria som avgjer kva plass ein har på ventelista, ikkje tidspunktet for søknaden.

Forvaltningsutvalet i Sogndal kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klagen skal behandlast etter Forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage. Forvaltningsutvalet sitt vedtak i ei klagesak er endeleg.

§ 14. Oppseiing og opp- og nedjustering av plass

Gjensidig oppseiingstid av ein barnehageplass er ein månad rekna frå barnehagestart.

Dersom barnet vert teke ut av barnehagen 1. mars eller seinare, må ein betala for resten av barnehageåret. Oppseiinga skal vere skriftleg.

Det er høve til opp- og nedjustering ved hovudopptaket, og i løpet av året dersom det er andre barn som kan ta ei tilsvarende justering.

§ 15. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret. Foreldra skal ha varsel om endringa 3 veker før ho trer i kraft. Foreldrebetalinga er månadleg og vert fordelt i 11 like terminar. I hausthalvåret betaler ein 5 terminar og i vårhalvåret 6 terminar. Foreldrebetalinga vert regulert til næraste 15. kvar månad. Betaling for mat og frukt m.m. kjem i tillegg.

Det vert det gjeve søskenmoderasjon i samsvar med statlege retningslinjer. Ved misleghald av foreldrebetaling vert plassen sagt opp av kommunen. Det er rådmannen, eller den han delegerer avgjerdsmynde til, som gjer vedtak om oppseiinga av barnehageplassen.

Følgjande grupper kan etter søknad og vurdering verta innvilga redusert foreldrebetaling i barnehagen:

1. Familiar med særst vanskeleg økonomi.
2. Familiar med funksjonshemma barn.
3. Familiar der barnet er tilrådd plass utifrå ei samla vurdering av barnet/familien sin situasjon.

Tenesteeining sosial tenester har meir informasjon om redusert foreldrebetaling.

§ 16.Fritak for betaling i barnehagen

1. Barn som lir av ein livstruande sjukdom som gjer at barnet ikkje kan nytte plassen i barnehagen, kan få fritak frå 1. dag i etterfylgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen. Det må liggja ved tilråding frå lege.
2. Dersom sjukdomen gjer at barnet berre kan vera i barnehagen i periodar, skal det betalast ein dagspris utrekna til 1/25 av den fastsette månadsprisen.
3. Administrasjonen har fullmakt til å ta avgjer i slike saker.

§ 17.Det vert ikkje innvilga fritak for betaling for følgjande søknader

1. Søknad om å ta ut barnet grunna ferie.
2. Søknad om fritak der barnet er fleirkulturelt og skal tilbake til det andre heimlandet for kortare eller lengre tid. Det kan gjevast fritak dersom opphaldet er over to månader og eit anna barn kan nytta seg av plassen i den tida barnet er borte.
Eit slikt fritak gjeld frå 1.dato i etterfølgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen.
3. Søknad frå foreldre med delt foreldreansvar der barnet har trong for barnehageplass i enkelte periodar. Det må betalast for heile året med mindre eit anna barn nyttar seg av plassen i dei periodane barnet bur hjå den andre av foreldra.

3. INFORMASJON OM KVAR EINSKILD BARNEHAGE

NOTSETE BARNEHAGE

Tlf. 57 67 43 20

Notsete barnehage har ei avdeling for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Sogndal kommune.

Opningstid: 07.15-16.15

Adresse: Notsete barnehage
Middalen
6856 Sogndal
Tlf 57 67 43 20
E-post: randi.loftesnes@sogndal.kommune.no
Nettside: <http://www.notsete-bhg.no>

Styrrar: Randi Iren Loftesnes

KJØRNES BARNEHAGE

Tlf 57 67 51 73

Kjørnes barnehage har tre avdelingar for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Sogndal kommune.

Opningstid: 07.15-16.15

Adresse: Kjørnes barnehage
Kjørnessvingen
6856 Sogndal
Tlf/fax: 57 67 51 73
E-post: gunn.haugen@sogndal.kommune.no
Nettside: <http://www.kjornes-bhg.no>

Styrrar: Gunn Haugen

FURULI BARNEHAGE

Tlf. 57 67 43 10

Furuli barnehage har fire avdelingar for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Sogndal kommune.

Opningstid: 07.20-16.20

Adresse: Furuli barnehage
Holteigvegen 2
6854 Kaupanger
Tlf 57 67 43 10
E-post: heidi.navarsete@sogndal.kommune.no
Nettside: <http://www.furuli-bhg.no>

Styrrar: Heidi Solvoll Navarsete

KYRKJEBAKKEN BARNEHAGE

Tlf. 57 62 89 60

Kyrkjebakken barnehage har fire avdelingar for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Sogndal kommune.

Opningstid: 07.15-16.15

Adresse: Kyrkjebakken barnehage
Kyrkjebakken 50
6856 Sogndal
Tlf./ fax: 57 62 89 60
E-post: marie.ovrid@sogndal.kommune.no
Nettside: <http://www.kyrkjebakken-bhg.no>

Styrar: Marie Holen Ovrud

FJÆRLAND BARNEHAGE

Tlf 57 67 43 00

Fjærland barnehage har to avdeling for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Sogndal kommune og er ein del av Fjærland oppvekstsenter.

Opningstid: 07.30-16.30

Adresse: Fjærland barnehage
6848 Fjærland
Tlf. 57 67 43 02/57 67 43 00
E-post: torbjorn.ask@sogndal.kommune.no
Nettside: <http://www.fjerland.skule.no>

Styrar: Torbjørn Ask

YLVISÅKER BARNEHAGE

Tlf. 57 62 89 30

Ylvisåker barnehage har to avdelingar for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Sogndal kommune og er ein del av Norane oppvekstsenter.

Opningstid: 07.30-16.30

Adresse: Ylvisåker barnehage
6858 Fardal
Tlf 57 62 89 39
E-post: osvald.lykkebo@sogndal.kommune.no
Nettside: <http://www.norane.oppvekstsenter.no>

Styrar: Osvald Lykkebø

RONES BARNEHAGE

Tlf. 57 67 11 18

Rones barnehage har fire avdelingar for born i alderen 1-6 år. Barnehagen er eigd og driven av Rones barnehage foreldrelag og har felles opptak og samarbeid med Sogndal kommune.

Plasstilbod og foreldrebetaling: same som i dei kommunale barnehagane.

Opningstid: 07.15-16.15

Vedtekter og føremål: Vend Dykk til barnehagen.

Adresse: Rones barnehage
Helgheimsvegen 7,
6856 Sogndal
Tlf 57 67 11 18
E-post: rones.barnehage@c2i.net
Nettside: <http://rones.barnehage.no>

Styrar: Norunn Haustaker

STEDJE BARNEHAGE

Tlf. 57 67 20 53

Stedje barnehage har fire avdelingar for born i alderen 1-6 år.

Barnehagen er eigd og driven av Stiftinga Stedjetunet. Den har felles opptak og samarbeid med Sogndal kommune.

Plasstilbod og foreldrebetaling: same som dei kommunale barnehagane

Opningstid: 07.15-16.15

Vedtekter og årsplan: Vend Dykk til barnehagen eller gå innpå heimesida

Adresse: Stedje barnehage
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal
Tlf.57 67 20 53 mobil 916 34 573, Fax nr.: 57 67 21 63
E-post: stedj-ba@online.no
Nettside: <http://stedje.barnehage.no>

Styrar: Kari Marie Navarsete

SOGNDAL STUDENTBARNEHAGE

Tlf. 57 67 35 00

Sogndal studentbarnehage er driven av Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane

Studentbarnehagen har nye lokale i Sogndal sentrum frå hausten 2003.

Denne barnehagen gjev barnehagetilbod til studentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Barnehagen har eige opptak og eigne opptaksreglar. Meir informasjon hjå:

Adresse: Sogndal studentbarnehage
Dalavegen 10
6856 Sogndal
Tlf. 57 67 35 00, Fax nr.57 67 78 94
E-post: karin.uglum@sisof.no
Nettside: <http://www.sisof.no>

Styrar: Karin Uglum



**Sogndal kommune
Tenesteining barnehagar
januar 2012**

**For meir informasjon:
ta kontakt med tenestetorget
tlf. 57 62 96 00**